



Årsmøte 2024

Sykkylven Idrottslag

12.mars, kl. 18.00

Sak 1: Velkomen til årsmøte

Leiar i Sykkylven IL ønsker velkomen til årsmøte.

Sak 2: Registrere og godkjenne stemmeberettiga medlemmar

Møtedeltakarane vert registrert og godkjent med stemmerett/talerett.

Vedtak: 14 møtedeltakarar vart godkjende.

Sak 3: Velge møteleiar

Hovudstyret foreslår for årsmøtet **Jostein Grebstad** som møteleiar.

Vedtak: Jostein Grebstad vart vald til møteleiar.

Sak 4: Velgje to referentar

Hovudstyret foreslår for årsmøtet **Sandra Moldestad Jakobsen** og **Nicolai Karlsen** som referentar.

Vedtak: Sandra Moldestad Jakobsen og Nicolai Karlsen vart valde til referentar.

Sak 5: Velgje to medlemmar til å skrive under årsmøteprotokollen

Vedtak: Kjartan Grebstad og Elisabeth Hjellegjerde Skog vart valde til å skrive under protokollen

Sak 6: Godkjenne innkallinga

Innkallinga vart publisert på Facebook-sida til Sykkylven IL 23. februar 2024 og med annonse i Nyss 23.februar 2024.

Hovudstyret har følgande forslag til vedtak for årsmøtet:

Årsmøtet godkjenner innkallinga.

Vedtak: Årsmøtet godkjente innkallinga.

Sak 7: Godkjenne saklista

Sakliste for årsmøte 2024 i Sykkylven IL:

- Sak 1:** Velkomen v/ styreleiar Leif Kjetil Lorentzen
- Sak 2:** Registrere og godkjenne stemmeberettiga medlemmar
- Sak 3:** Velge møteleiar
- Sak 4:** Velge to referentar
- Sak 5:** Velge to medlemmar til å skrive under årsmøteprotokollen
- Sak 6:** Godkjenne innkallinga
- Sak 7:** Godkjenne saklista
- Sak 8:** Godkjenne forretningsorden
- Sak 9:** Behandle årsmeldingar for 2023
- Sak 10:** Behandle revidert rekneskap m/balanse og notar for 2023
- Sak 11:** Behandle innkomne saker
- Sak 12:** Fastsette medlemskontingent for 2025
- Sak 13:** Vedta budsjett for 2024
- Sak 14:** Val for 2024

Vedtak: Årsmøtet godkjente saklista.

Sak 8: Godkjenne forretningsorden

Følgande forretningsorden blir foreslått for dette årsmøtet:

1. Gjennomføring av årsmøtet

- Årsmøtet blir leia av den valde møteleiaren, og skal gjennomførast i samsvar med NIFs lov og denne forretningsorden.
- Den som ønsker ordet på årsmøtet, må meddele dette, og kan kun tale til årsmøtet når møteleiaren har gitt vedkomande ordet.
- Møteleiaren kan bestemme om/når det skal gjennomførast pausar i møtet.

2. Taletid

- Medlem/årsmøtevalgt organ med forslag på saklista blir gitt nødvendig taletid for å presentere eventuelle forslag.
- Møteleiaren kan beslutte å:
 - sette strek/begrense taletid ved behov for innteikna talarar
 - sette strek for nye forslag
 - auke antal innlegg
 - gi taletid til personar utan talerett/stemmerett

3. Behandling av forslag på årsmøtet

- Deltakarar som vil fremme eventuelle forslag/endringsforslag, må meddele at ein ber om ordet.
- Forslag kan berre fremmast i saker som står på saklista.
- Etter at saklista er godkjend, kan ikkje forslag som framgår av saklista trekkast utan at årsmøtet aksepterer dette.

4. Stemmegiving

- Stemmegiving blir gjennomført i samsvar med møteleiaren sin angivelse.
- Møteleiaren skal klart angi kva sak det skal stemmast over, og korleis saka skal stemmast over i kvart enkelt tilfelle.
- Dersom det krevst eller er nødvendig med skriftleg avstemming, skal det leggest til rette for dette.

5. Protokoll

- Protokoll frå årsmøtet blir ført av dei to som blir valde som referentar.
- I protokollen skal det førast opp:
 - kven som har hatt ordet i sakene
 - kva forslag som er fremma
 - kven som er forslagsstillar

- kva vedtak som er fatta i kvar enkelt sak
 - resultatet av avstemmingar med antal stemmer for og imot (og evt. blanke stemmer)
- Protokollen skal gjerast tilgjengeleg for medlemmane i idrettslaget når den er godkjend med signatur.

Hovudstyret har følgende forslag til vedtak for årsmøtet:

Årsmøtet godkjenner forslaget til forretningsorden.

Vedtak: Forretningsorden vart godkjent.

Sak 9: Behandle årsmeldingar for 2023

Følgande årsmeldingar for 2023 blir lagt fram for årsmøtet:

- Sykkylven IL Hovudlag
- Sykkylven IL Fotball
- Sykkylven IL Handball
- Sykkylven IL Turn
- Sykkylven IL Symjing
- Sykkylven IL Badminton
- Sykkylven IL E-sport
- Sykkylven IL Høbben

Vedtak: Dei innkomne årsmeldingane frå gruppene vart teke til etterretning og godkjent av årsmøtet.

Sak 10: Behandle revidert rekneskap m/balanse og notar for 2023

Følgande rekneskap for 2023 vart lagt fram for årsmøtet:

- Totalrekneskap for Sykkylven Idrettslag
- Sykkylven IL Hovudlag (Avdeling 1)
- Sykkylven IL Fotball (Avdeling 2)
- Sykkylven IL Handball (Avdeling 3)
- Sykkylven IL Turn (Avdeling 4)
- Sykkylven IL Symjing (Avdeling 5)
- Sykkylven IL Badminton (Avdeling 7)
- Sykkylven IL E-sport (Avdeling 9)

Vedtak: Årsmøtet godkjente regnskapet med balanse og notar for Sykkylven Idrettslag, samt for alle undergrupper, for 2023.

Sak 11: Behandle innkomne saker

Det var meldt inn 1 sak for årsmøtet innan fristen 27.februar 2024

1. « Fotballgruppa ber hovudlaget (å vurdere moglegheita for) å redusere medlemsavgifta for trenarar, lagleiarar og evt andre friviljuge/frivillege i tilsvarande verv til nær minimumssatsen. Dette for at denne naudsynte ekstrainsatsen ikkje skal «straffe seg» økonomisk for dei som bidreg ekstra, men kanskje heller fungere som ei påskjøning og vere meir attraktivt for å ta på seg desse frivillege/friviljuge verva. For at dette ikkje skal slå negativt ut for idrettslaget, foreslår fotballgruppa å oppjustere satsen fordelt på dei aktive slik at nettoendringa blir tilnærma null. »

Forslag til vedtak frå Hovudstyret: Det ble gjort ei auking i medlemskontingenten i fjor som auka ein del. SIL merker at fleire har betalingsutfordringar no enn tidligere med tanke på tida vi er i. Ett esimat er at aukinga vil bli i størrelseorden kr 140,- pr. medlem pr. år. AU foreslår at Sykkylven IL fortsetter med praksisen som er i dag, at alle skal betale medlemskap til de satsane som er vedtatt. Men at medlemmet kan søkje refunsjon frå den gruppa medlemmet har tilknytning til om de har verv som lagleder o.l.

Vedtak: Det blei gjort ei avstemming, kor 11 stemte for fotballgruppa sitt forslag og 3 stemte imot. Forslaget til fotballgruppa om å justere medlemskontingenten for trenera, lagleiarar og andre frivillige i tilsvarande verv til nær minimumssats blei vedtatt som gjeldande praksis for medlemskontingenten i Sykkylven IL.

Sak 12: Fastsette medlemskontingent for 2025

Det er ei forutsetning for å delta i all aktivitet i Sykkylven Idrettslag at medlemskontingent er betalt. Etter lov frå NIF gjelder dette også for styremedlemmar, trenarar, instruktørar, oppmenn, lagleiarar og andre aktive roller i idrettslaget. For alle aktive gir betalt medlemskontingent grunnlag for å delta på treningar ved å betale treningsavgift. Betalt medlemskontingent og treningsavgift gir så grunnlag for å delta i konkurransar (kampar, stemner, etc.). I enkelte idrettar, og ved bestemte aldersgrenser, må det også løysast aktuell lisens.

Medlemskontingent 2025: Hovudstyret har følgande forslag til vedtak for Årsmøtet:

Familiekontingent:	1 500,-
Kontingent for medlemmar 19 år og eldre:	900,-
Kontingent for medlemmar 10-18 år:	700,-
Kontingent for medlemmar 9 år og yngre:	500,-
Kontingent for klubbmedlem (støttemedlem):	350,-

Refusjon av medlemskontingent gjeldande 2025. Kvar undergruppe kan tilby aktuelle personar i støtteapparat og i sentrale verv refusjon av medlemsavgift, under forståing av at tapte inntekter må erstattast av undergruppa sjølv. Det er ikkje mogleg å unnlate å betale medlemsavgift til SIL, då dette fyljer ufråvikeleg lovverket frå NIF. Medlemskontingent for 2025 vert fakturert i starten på 2025.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner hovudstyret sitt forslag for medlemskontingent for 2025.

Sak 13: Vedta budsjett for 2024

Følgande budsjett for 2024 blir lagt fram for årsmøtet:

- Sykkylven IL Hovudlag (Avdeling 1)
- Sykkylven IL Fotball (Avdeling 2)
- Sykkylven IL Handball (Avdeling 3)
- Sykkylven IL Turn/RG (Avdeling 4)
- Sykkylven IL Symjing (Avdeling 5)
- Sykkylven IL Badminton (Avdeling 7)
- Sykkylven IL E-sport (Avdeling 9) + Høbben

Vedtak: Årsmøtet godkjente budsjetta for 2024.

Sak 14: Val for 2024

Innstillinga for årsmøtet til dei ulike styra og utvala i Sykkylven Idrottslag er som følger:

Sykkylven IL Hovudlag (Arbeidsutvalet):

Velgast for 2 år (leiar velgast kvart år):

<i>Leiar: Vedtak på å finne person til vervet</i>	<i>(for 2 år, 1 år som leiar)</i>
<i>Nestleiar: Trond Bonesmo (Ikkje på val)</i>	<i>(1 år att)</i>
<i>Styremedlem (økonomi): Henning Sølvi (Ikkje på val)</i>	<i>(1 år att)</i>
<i>Styremedlem: Marita Mandal (på val)</i>	<i>(1 år)</i>
<i>Styremedlem: Leif Kjetil Lorentzen</i>	<i>(1 år)</i>

Sykkylven IL fotball:

Forslag til val av fotballstyre 2024:

• Styreleiar: Daniel Jarnes (På val)	(1+1)
• Nestleiar: Øyvind Ebbesvik (Ikkje på val)	(1 år)
• Sportsleg leiar: Stian Hole (På val)	(2 år)
• Kommunikasjonsansvarleg: Maria Nerhus (På val)	(2 år)
• Arrangement/anlegg: Terje Aure (Ikkje på val)	(1 år)
• Anleggsansvarleg: Tor Helge Frøysa (Ikkje på val)	(1 år)
• Kvalitetsklubbansvarleg: Olav Arne Nordstrand (Ikkje på val)	(1 år)
• Styremedlem/Material: Geir Igelkjøn (På val)	(2 år)

- Styremedlem: Arnt Tore Røe (På val) (2 år)
- Styremedlem: Arild Grebstad (Ikkje på val) (1 år)
- Styremedlem: Eirik Urke Torset (ikkje på val) (1 år)
- Økonomiansvarleg: vedtak på å finne person til vervet (2 år)
- Arrangementsansvarleg: vedtak på å finne person til vervet (2 år)

Sykkylven IL handball:

- Leiar: Vedtak på å finne person til vervet. (1 år)
- Økonomiansvarleg: Vedtak på å finne person til vervet. (2 år)
- Sportsleg Leiar: Frank Brunstad (2 år)
- Sekretær: Kristine Henriksen Garli (1 år att)
- Arrangementansvarleg: Ingunn Hoel og Tone Klakken (1 år att)
- Kampansvarleg: Øyvind Sandberg (2 år)
- Kiosk: Vedtak om å finne person til vervet. (2 år)
- Materialforvalter: Vedtak om å finne person til vervet. (2 år)
- Styremedlem: Vedtak om å finne person til vervet. (2 år)
- Dommerkontakt: Vedtak om å finne person til vervet. (2 år)

Sykkylven IL Turn/RG:

- Leiar (Turn rep): Vedtak om å finne ein person til vervet. (2 år)
- Nestleder (RG rep.): Marit Eide Lunde 1 år (gjenvalg) (1 år)
- Sekretær (Turn rep.): Synnøve Nymark Aasen (NY) (2 år)
- Medlemsansvarlig (Turn/RG rep.): Torje Bjørneseth (gjenvalg) (1 år)
- Økonomiansvarlig (Turn rep.): Beate V Grøvik (1 år)
- Mail/kontaktansvarlig (RG rep.): Ann Helen L Holm (NY) (2 år)
- Mail/kontakt ansvarlig (Turn repr): Sondre Bårnes (1 år)
- Trener ansvarlig (RG rep.) Kristin Martinsen (1 år)
- Treneransvarlig (Turn rep.): Knut Orre (gjenvalg) (1 år)
- Konkurransansvarlig RG: Øyvind Roset (gjenvalg) (1 år)
- Konkurransansvarlig turn: Marit Helen Stave (gjenvalg) (1 år)
- Styremedlem (Turn rep.): Susanne Bonesmo Fet (NY) (2 år)
- Styremedlem (Turn rep): Thomas Emdal Loland (NY) (2 år)
- Styremedlem (RG rep.): Vedtak om å finne ein person. (2 år)
- Ungdomsrepr Turn: Cecilie Løseth Søviknes (1 år)
- Vara: Selma Bakke
- Ungdomsrepr RG: Ingrid Hole Bjørneseth (1 år)
- Vara: Julie Hole

Sykkylven IL Symjing:

- Leiar: Kjartan Grebstad
- Nestleiar: Emma Blindheim
- Økonomiansvarleg: Jon Robert Strømme
- Styremedlem: Janne Tomtum
- Ungdomsrepr.: Sigve Aure Stave
- Styremedlem: Marte Strandabø

Sykkylven IL Ski Nordisk:

Arbeidsutvalet tek styringa. Fryst gruppe.

Sykkylven IL Badminton:

Leiar: Runar Jens Tandstad. Styremedlem (økonomi): Elisabeth Hjellegjerde Skog.

Sykkylven IL E-sport:

Leiar: Marius Kornberg

Nestleiar: Vegard Eidem

Økonomiansvarleg: Oliver Horvli

Sekretær: Ferdinand Barrow

Styremedlem: Tarald Johansen

Styremedlem: Reidar Rasmussen

Styremedlem: Espen Bonesmo

Ungdomsrepresentant: Noah Lødemel Hansen

Kontrollutval:

Medlem: Ilyas Degirmenci

(for 1 år)

Medlem:

(for 1 år)

Varamedlem:

(for 1 år)

Representantar til ting og styrer der Sykkylven IL har representasjonsrett:**• Storhallstyret:**

For SIL Handball:

(for 2 år)

For SIL Turn:

(for 2 år)

Personleg vara for SIL Handball:

(1 år)

Personleg vara for SIL Turn:

(1 år)

• Kunstgrasbanestyret:

Tor Helge Frøysa (forslag)

(2 år att)

Terje Aure (forslag)

(2 år att)

• Sykkylven Idrettsråd (styret):

(for 2 år)

• Sykkylven Idrettsråd (årsmøte):

Hovudstyret får fullmakt til å velge 5 medlemmar.

Styret si innstilling til Valkomit :

Leiar:

(for 2 år)

Medlem:

(for 2 år)

Medlem:

(for 1 år)

Varamedlem:

(for 1 år)

Hovudstyret har følgende forslag til vedtak for Årsmøtet:

Årsmøtet godkjenner innstillinga til dei ulike styra og utvala i Sykkylven Idrottslag for 2024.

Til dei verv og komitear som ikkje har kandidatar ved årsmøtet, får Hovedstyret fullmakt til å godkjenne nye medlemmar i løpet av året. Tiltak: sette ein komite frå hovudstyret.

Vedtak: Årsmøte godkjenner innstillinga til dei ulike styra og utvala i Sykkylven IL. Det må bli kalla inn til eit ekstraordinært årsmøte for å sette ein leiar for Sykkylven IL Hovudlag. Leif Kjetil Lorentzen går av som leiar og fortsett eit år som styremedlem.


Til dei verv og komitear som ikkje har kandidatar ved årsmøtet, får styra fullmakt til å godkjenne nye medlemmar i løpet av året.

Sykkylven,


Sandra Moldestad Jakobsen
Referent


Nicolai Karlsen
Referent


Elisabeth Hjellegjerde Skog
Underskrivar


Kjartan Grebstad
Underskrivar

OPPMØTE - ÅRSMØTE SYKKYLVEN IL 2024



NAMN

1	Marta Mandal
2	Elisabeth H Stog
3	Frank Brunskvål
4	Marte Eide Lund
5	Maria Nøtues
6	Kjartan Guebitz
7	Henning
8	Gyrid Ebbesen
9	Daniel James
10	Fredrik Hole Ulla
11	Henning Søvik
12	Liv Kjetil Løntveit
13	Torstein Gæstøed
14	Per Svein Tandstad
15	
16	
17	
18	
19	
20	
21	